

**ALVER**

KOMMUNE

Miljø og tilsyn

Oddveig Høgstein
Fyllingsnesvegen 160
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/3149 - 20/4042

Saksbehandlar:

Astrid Irene Riise

astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:

24.01.2020

Registrert diverse manglar i septiktank - gbnr 214/8

Tiltak:**Utbetring****Byggjestad:**

Gbnr: /214/8

Tiltakshavar:

Oddveig Høgstein og Per Eilif Åsvang

Lindås kommune (no Alver kommune) mottok den 07.09.2018 melding frå Norva 24 om diverse manglar på septiktanken på eigedommen dykkar, med gnr. 214, bnr. 8, på Fyllingsnes. Det vart registrert at tanken mangla dykk, at det var lågt nivå i tanken og at den hadde dårleg lokk i tillegg til lause skiljeveggjar. Det vart og registrert at det låg framandelement i tanken. Framandelement i septiktanken kan tette utløp og rør. Tette utløp og rør kan føre til at kloakk finn vegen opp gjennom toalett og sluk. Framandelement i tanken kan også føre til at tanken ikkje lar seg tømme. Dersom dette fortset, vil framtidig tømning av tanken bli vanskeleggjort og kan føre til ein ekstra, unødvendig kostnad for dykk.

Alle desse tilstandane fører til forureining. Ved kontakt med Norva 24 den 23.01.2020, stadfestar sakshandsamar der at dei ikkje har motteke melding om at den ulovlege tilstanden er utbetra.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensingslova § 7.

Alle dei ovannemnde forholda i tanken må utbetrast snarast. Frist for arbeidet vert sett til 29.02.2020, med mindre dei ikkje er blitt utbetra allereie.

Det kjem fram av våre registre at der har vore eit eigarskifte på eigedommen med gnr. 214 og bnr. 8. Ansvar for utbetring ligg på den eller dei som står registrerte som grunneigar. Derfor sender vi dette brevet til dykk.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes om at vi kan påleggje dykk å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensinglova §§ 7 og 73.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finnast andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetra det ulovlege forholdet, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra ein avløpsleidning/anlegg må de kontakte eit godkjent rørleggjarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan de sjølv utføra arbeidet.

Når lekkasjen er reparert , må de fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender de til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensingslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om tilkopling og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Astrid Irene Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Oddveig Høgstein

Fyllingsnesvege 5913

EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Per Eilif Ásvang

n 160
Bjørnestrånd 23 5111

BREISTEIN